



Meland Rør AS
Sagstadvegen 142
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1643 - 16/10722

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
31.05.2016

Godkjenning - tilkopling til offentleg vassverk, GBNR 38/31 Kyrkjесundvegen.

Administrativt vedtak. Saknr: 166/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad frå Meland Rør AS, dagsett 02.04.2014, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk, for fritidsbustad på eigedomen gbnr 38/31 i Kyrkjесundvegen. Det vert også vist til utsendt mangelbrev 11.04.2014.

Tiltakshavar tok kontakt med kommunen i mars 2016 og det viste seg då at saka ikkje har vore teken opp til handsaming grunna mangelfull dokumentasjon som vart etterlyst i vårt brev av 11.04.2016.

Kommunen fekk samstundes melding om at eigedomen allereie var tilknytt.

Manglande/supplerande dokumentasjon er motteke 07.04.2016 og 06.05.2016.

Eigedomen skal knytast til det kommunale vassverket via private stikkleidningar i området. Det ligg føre erklæring frå Kyrkjесundvegen Vannlag som gjev eigedomen gbnr 38/31 rett til å kopla seg til denne. Frå denne leidningen er det tidlegare etablert privat stikkleidning fram til eigedomane gbnr. 38/26 og gbnr 38/31. Eigedomen gbnr 38/31 fekk tidlegare vatn frå brønn. Der er det no sett ned koplingspunkt/kum, jf situasjonskart motteke 06.05.2016. Vassleidning fram til fritidsbustaden vert som før.

Vurdering:

Eigedomen har godkjent godkjent utslepp med slamavskiljar. Naudsynte erklæringar ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 06.05.2016.

Erklæring om ansvarsrett:

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Meland Rør AS.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på gbnr 38/31 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, dagsett 02.04.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 07.04.2016 og 06.05.2016, på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2016 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- pluss mva, per bueining.

Føretaket Meland Rør AS har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling 38-31

Kopi til:

Atle Ove Pedersen

Hetlevikåsen 44 5173

LODDEFJORD

Mottakere:

Meland Rør AS

Sagstadvegen 142 5918

FREKHAUG